



## **Felles prinsipp for drift og utvikling av kommunale fotballbaner. -Kunstgrasbaner 7-ar eller større.**

Framlegg til prinsipp ved nye avtaler

### **Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute**

(gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

1. Intensjonsavtale for bygging/rehabilitering vert inngått ved pengar avsett i kommunalt budsjett.
2. Kostnads kalkyle drift, rehabilitering og/eller bygging – felles ansvar for kommunen og idrettslag/frivillig organisasjon.
3. Fordelinga av kostnader 50/50 ved rehabilitering/bygging og inngåing av driftsavtale, deretter årleg indeksregulering av driftsavtalen.
4. Idrettslaget/frivillig organisasjon må drifte om ikkje kommunen har personell/resursar.

Bakgrunn for arbeidet:

Vedtak i leiargruppa 27.10.25:

*Leiargruppa drøfta brev frå Jølster idrettslag om overtaking av 7-bane. Kjem tilbake til leiargruppa med forslag til felles prinsipp for drift og utvikling av kommunale fotballbaner.*

## *IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV*

*Vedlegg - Kommunal plan for kultur, frivilligheit og inkludering*

*Utdrag: Fleire idretts- og friluftsanlegg er eigd av kommunen og drifta av organisasjonar. Kommunen leiger ut areal til organisasjonar med avtaler om bruk til idrett og friluftsliv. Vi skal utarbeide ei oversikt og avtale feste drifta for å skape gjensidig einigheit.*

*Prinsippa vil vere ein del av arbeidet med oversikt og lik handsaming av like anlegg i kommunen.*

### Vedlegg

Oversikt over dagens fotballbaner (7-ar og 11-ar) -drift og bruk av desse.

Eksempel på budsjett for rehabilitering (7-ar og 11-ar)

### Prosess

Gjennomgang av dagens situasjon og prosess med idrettsrådet 05.12.25.

Framlegg til prinsipp og justering av desse med idrettsrådet 16.03.26

Gjennomgang av prinsipp i leiargruppa 20.03.26

Høyring -offentleg og skriv til idrettslaga 24.03 - 22.05.26

Vedtak politisk planlagt 10.06.26

### Avgrensing

Kunstgrasbaner i Sunnfjord kommune, 7-ar bane og større.